

Utsetting av fødesamanslåinga i Kristiansund og Molde

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
36/19	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	15.05.2019

Saksbehandlar: Henrik Erdal
Arkivreferanse: 2019/130

Forslag til vedtak:

1. Styret sluttar seg til utsetting av samanslåing av fødeavdelingane i Kristiansund og Molde.
2. Styret ber adm. dir. om å kome tilbake med ei styresak som gir ei nærare konkretisering av samanslåingsprosessen, som heng saman med ei samla organisasjonsutviklingsretning mot SNR og ei samla oppgave- og funksjonsdeling.
3. Styret tek adm. dir. sin gjennomgang av ulike forhold og innspel som har kome i etterkant av styrevedtaket 27.03.2019 til vitande.

Ålesund, 08.05.2019

Nils Kvernmo
konstituert adm. direktør

Saksutgreiing:

Bakgrunn og status

Utviklingsplanen HMR 2019-2022 (2035) slo fast at fødesamanslåinga skal skje i god tid før innflytting i Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) og at prosessen skulle vere i gang i 2019. Det samla fagmiljøet i Nordmøre og Romsdal har sidan 2005 vore samde om at ei samling av dei to fagmiljøa er einaste berekraftige utviklinga for fagområdet, slik at det blir ei robust og meir rekrutteringsattraktiv fødeavdeling, men ein har ikkje vore samde om når og kvar ei slik samling skal skje.

I styremøte 27.03.2019 vedtok styret ei samanslåing av fødeavdelingane i Kristiansund og Molde. Saka omfatta både årsakene til samanslåing, driftsmodell, lokalisering av døgntilbodet og tidspunkt. Det blei vedtatt at tidspunkt for samanslåing skulle vere 19.08.2019.

For full bakgrunn m.m. viser ein til styresak 26/2019 *Oppfølging budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan*.

Vedtaket om fødesamanslåing utløyste mykje uro internt i helseføretaket og blant kommunar og andre samarbeidspartnar. Basert på ei løpande risikovurdering av situasjonen som utvikla seg i tida etter styremøtet uttalte tidlegare adm. dir. den 11.04.2019 at han ville fremme ei sak for styret i mai med forslag om ei utsetting av samanslåinga. Vurderinga som låg til grunn var at ein ikkje lenger hadde god nok kontroll med driftssituasjonen og føretaket si samla evne til å levere forsvarlege helsetenester. Tidlegare adm. dir. såg at ein måtte bruke meir tid på dette og understreka samtidig at grunnlaget i saksutgreiinga låg fast.

Administrerande direktør si samla vurdering og tilråding

Konstituert adm. dir. vil fremme forslag om å utsette gjennomføring av fødesamanslåinga i Kristiansund og Molde. Saksgrunnlaget frå styresak 26/2019 ligg elles fast.

Grunnlaget for utsetting byggjer på tidlegare adm. dir. si vurdering av situasjonen, men det er også andre forhold som har betydning i saka. Det bør utarbeidast ei meir samla organisasjonsutviklingsretning mot SNR for Kristiansund sjukehus og Molde sjukehus. Vedtaket i styresak 26/2019 gav føretaksleiinga i oppdrag å legge fram for styret ei samla oppgåve- og funksjonsdeling for Nordmøre og Romsdal spesielt og Møre og Romsdal generelt. Andre tiltak som t.d. fagleg standardisering og det pågåande regionale og lokale arbeidet med beredskap og følgjeteneste for gravide og fødande verkar også inn.

Det er altså fleire forhold som må sjåast i samanheng og som bør konkretiserast meir før adm. dir. kan kome tilbake til styret med ein meir konkret plan for fødesamanslåinga, utviklingsretninga mot SNR og ei samla oppgåve- og funksjonsdeling. Konst. adm. dir. må sørge for ein god prosess for dette.

Den uroa vedtaket utløyste har medført stort engasjement og mange innspel, som det ikkje vore høve til å svare ut på ein god og samla måte før styremøtet. Konst. adm. dir. vil derfor i styremøtet orientere om dei forholda han meiner det er nødvendig å klargjere.